

Tur på Hardangervidda.

04.07.2016



Der ser vi Stavali - endeleg, etter ein lang dagstur på 10 timer.

**Møyfrid Kristoffersen har tatt mot oppfordringa om å skrive om og senda oss biletet frå ferieopplevingar. Ho seier det har vore kjempehyggeleg å lese om kva andre har gjort i ferien, og ho har sendt oss ei flott skildring i tekst og biletet av ein tur ho, dottera og tre barnebarn har hatt på Hardangervidda.**

I vinter så føreslo dotter vår Marte, at bestemor, ho og dei tre eldste barnebarna skulle gå ein tur frå hytte til hytte på Hardangervidda i sommar.

Undeteikna bestemor ville gjerne vere med på dette, og kjøpte ryggsekkar og silke-lakenposar hos DNT i Bergen, i julepresangar til dei tre jentene;

Ane på 6 år, Ida og Norah på 8 år. Og no til sommaren vart fjellsko kjøpt inn.

Turen vi planla, og gjekk no i denne veka, frå mandag til torsdag, var frå Hjølmoberget i Eidfjord, til Viveliid, vidare til DNT si turisthytte på Stavali, og så ned Reinsbrekkene til Husedalen i Kinsaravik.

Første dagen, frå Hjølmoberget til Viveliid, så tok turen ca 2 1/2 time inkludert pause.

Etter å ha overnatta på turisthytta her (som no er flott restaurert), så gjekk vi til Stavali. Denne turen varte i 10 timer. Informasjonen seier 6 timer aktiv gange, så då synes vi at det var bra at vi klarte den på 10- med pausar. Pausar er veldig viktige for å bidra til å oppretthalde motivasjonen hjå ungane. Energien manglar dei ikkje.

For å kvile ut etter den lange turen frå Viveliid til Stavali - og å få lov til å 'vere litt i fjellet', så valgte vi å vere ein heil dag og ei ekstra natt på Stavali. Dette var kjekt. Vi hadde heile hytta for oss sjølve om dagen, og fyrt i omnane slik at det var varmt og godt til fjellvandrarane som kom til hytta iløpet av ettermiddagen og kvelden. Der var både mange utanlandske- og norske som kom - hyggelege å prate med dei alle.

På turen frå Stavali og til Husedalen brukte vi ca 7 1/2 time. Den starta med litt regn, men det letta snart opp. Nokre vindflager var der, slik at vi måtte vere litt obs når vi var på toppane, slik at vinden ikkje fekk for godt tak i

oss. Ned Reinsbrekkene er det litt bratt, men dette gjekk også fint. På toppen av brekkene, så kom vi over ei rype med to ungar. Dette var stor stas for både oss vaksne og ungane. Vi såg på rypemor, kor ho prøvde å fange merksemda vår slik at ungane fekk høve til å gøyme seg. Vi fortalte oss litt forbi, slik at dei ikkje skulle bli redde.

Når vi kom ned Reinsbrekkene, så møtte vi pappa/onkel Andreas og tante Astrid, som hadde teke vegen frå Musland for å møte oss. Dei hadde gått litt feil, så dei fekk seg også ein laaang fjelltur denne dagen.

Dette var ein koseleg tur, som eg absolutt vil anbefale for andre besteforeldre/foreldre å ta med seg ungane på. Elles så har eg lagt ved mange biletet, som 'talar for seg' om denne kjekke turen.?



Der ser vi Vivelid



Over elva til Viveli



Framfor kunstnaren Lars Vivelid sitt hus - turisthytteeigedom.



Kunstnaren Kari Vivelid sitt hus på Vivelid



Nærbilde av eitt av veggmåleria i matstova i Vivelid turisthytte



Gode sekker er godt å ha, og jentene var flinke til å bera desse.



Diverse bæsjebilete måtte vi ta for å spørja bestefar kven som hadde vore der.



Ein god del snøfonner måtte også forserast.



Her gjeld det å halda balansen



Kartet måtte vi studera innimellom for å vite at vi var på rett veg



Koselege matpausar hadde vi MANGE av - det er viktig.



Ein liten selfie var det og kjekt å ta.



Vi var på Stavali ein heil dag, så litt dugnad var naturleg



...og her skyller dei filler og handklede i bekken.



...og så var det å bere inn vatn.



Ned Reinsbrekkene i Husedalen i Kinsarvik.



Til slutt stod vi eit par timer i vegarbeidskø på Lofthus.

Tekst og foto: Møyfrid Kristoffersen

Nett: Thor Inge Døssland